



Voss herad

Vår ref. 25/10898 - 2
Saksbehandlar Lina Hamre
Dato 25.11.2025

Saksframlegg

Høyringsuttale frå Voss herad til utkast til konsesjonssøknad for Evanger transformatorstasjon

Saksnr.	Utval	Møtedato
56/25	Utval for klima, miljø og beredskap	03.12.2025
127/25	Formannskapet, Plan og økonomi	04.12.2025
148/25	Heradsstyret	11.12.2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss herad ber Statnett om å ta omsyn til naturen som ligg rundt eksisterande transformatorstasjon ved vidare arbeid med naudsynte oppgraderingar for å tilfredsstilla krava i beredskapsforskrifta. Særleg ber heradet om at ein heilt unngår å gjera tiltak på myr.

Vedtak som innstilling frå Utval for klima, miljø og beredskap, 03.12.2025 - 56/25

UKMB si innstilling:

Voss herad ber Statnett om å ta omsyn til naturen som ligg rundt eksisterande transformatorstasjon ved vidare arbeid med naudsynte oppgraderingar for å tilfredsstilla krava i beredskapsforskrifta. Særleg ber heradet om at ein heilt unngår å gjera tiltak på myr.

Saksordførar: Margrethe Alm

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, Plan og økonomi, 04.12.2025 - 127/25

Voss herad ber Statnett om å ta omsyn til naturen som ligg rundt eksisterande transformatorstasjon ved vidare arbeid med naudsynte oppgraderingar for å tilfredsstilla krava i beredskapsforskrifta. Særleg ber heradet om at ein heilt unngår å gjera tiltak på myr.

Saksordførar: Margrethe Alm

Utval for klima, miljø og beredskap 03.12.2025

Handsaming

Det var røysta over rådmann sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

UKMB - 56/25 Vedtak

UKMB si innstilling:

Voss herad ber Statnett om å ta omsyn til naturen som ligg rundt eksisterande transformatorstasjon ved vidare arbeid med naudsynte oppgraderingar for å tilfredsstilla krava i beredskapsforskrifta. Særleg ber heradet om at ein heilt unngår å gjera tiltak på myr.

Saksordførar: Margrethe Alm

Formannskapet, Plan og økonomi 04.12.2025

Handsaming

Samson Hamre, Sp, stilte spørsmål om habilitet i samband med familieforhold knytt til sakshandsamar, jf fvl § 6-b. Rådmannen rår til at S. Hamre er habil, formannskap, plan og økonomi røysta over S. Hamre sin habilitet. Samson Hamre vart samrøystes, med 8 røyster, funnen gild.

Formannskap, plan og økonomi røysta over Utval for klima, miljø og beredskap sitt framlegg til vedtak, samrøystes vedteke.

FPL - 127/25 Vedtak

Voss herad ber Statnett om å ta omsyn til naturen som ligg rundt eksisterande transformatorstasjon ved vidare arbeid med naudsynte oppgraderingar for å tilfredsstilla krava i beredskapsforskrifta. Særleg ber heradet om at ein heilt unngår å gjera tiltak på myr.

Saksordførar: Margrethe Alm

Heradsstyret 11.12.2025

Handsaming

Heradsstyret røysta over innstilling frå Formannskap, plan og økonomi, samrøystes vedteke med 41 røyster

HST - 148/25 Vedtak

Voss herad ber Statnett om å ta omsyn til naturen som ligg rundt eksisterande transformatorstasjon ved vidare arbeid med naudsynte oppgraderingar for å tilfredsstilla krava i beredskapsforskrifta. Særleg ber heradet om at ein heilt unngår å gjera tiltak på myr.

Samandrag

Statnett SF søker konsesjon etter energilova § 3-1 for oppgradering og utviding av Evanger transformatorstasjon. Tiltaket omfattar etablering av nytt stasjonsbygg, utviding av stasjonsområdet, nytt stasjonsgjerde, kabelanlegg, hjelpeinstallasjonar og ombygging av eksisterande transformatorsjakt til lager og garasje. Utvidinga er naudsynt for å oppfylle krav til beredskapsklasse og sikra framtidig forsyningssikkerheit. Tiltaket vil medføre nedbygging av om lag 13,6 dekar i LNF-område, men er ikkje i konflikt med verneområde eller kjende kulturminne. Det er gjennomført naturtypekartlegging og vurderingar av skred- og flaumfare.

Denne saka vil truleg koma på offentleg høyring frå NVE når Statnett har sendt endeleg søknad, og det vil då vera naturleg å koma med ny høyringsuttale. Likevel ynskjer Voss herad å gje nokre vurderingar til utkastet til konsesjonssøknad slik det føreligg.

Voss herad ser på dette tiltaket som naudsynt og viktig med omsyn til forsyningssikkerheita i regionen. Samtidig vil me oppmoda Statnett om å ta ein ny runde med arealbruksplanen og minimera inngrepet i LNF-området. Særleg ber me om at ein heilt unngår å leggja brøytevegen kring transformatorstasjonen på myr sjølv om Statnett legg opp til ei løysing der myra vert “bygd inn”. Med ei slik løysing unngår ein utslepp av klimagassar frå karbonrike areal, men me vil mista myra si evne til opptak av klimagassar så lenge vegen der.

Saksopplysingar

Arealinngrepet

Det er gjennomført naturtypekartlegging og feltundersøkingar for vegetasjon og fugl, inkludert registrering av raudlista artar. Det er også gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar med særskilt fokus på skredfare, flaumfare og handtering av overvatn. Vurderinga til søkjar er at tiltaket vil ha avgrensa verknader for miljøet, og dei har ikkje identifisert konflikt med verneområde, kulturminne eller viktige friluftslivsområde.

Arealinngrepet som utgjer tilsaman 13,6 dekar går fram av figuren under.



Figur 3- Arealbruk

Naturmangfold

Søkjar har fått gjennomført feltarbeid med fokus på fugl og anna dyreliv i og ved tiltaksområdet. Feltnotatet oppsummerer observasjoner frå synfaring 31. mai 2025, der det vart registrert 24 fugleartar samt spor etter hjort. Det vart observert to raudlista fugleartar innanfor utgreiingsområdet: Granmeis (EN) og grønnfink (EN). Sensitive artar er omtalt i eige vedlegg til notatet som er unntatt offentlegheita. Multiconsult tilrår å gjera ei supplerande undersøking i april for å styrka kunnskapsgrunnlaget om utvalde artar i nærområdet, samt for å iverksetja tiltak i anleggsperioden for å unngå forstyrringar.

Nord og vest for transformatorstasjonen finst stadeigen natur i form av furuskog, open myrflate og myrskog. Utvidinga av stasjonsområdet vil i hovudsak gå ut over areal klassifisert som stadeigen natur, furuskog.

Friluftsliv

I utkastet til konsesjonssøknad går det fram at det går ein kongeveg gjennom området, men at det, ifylgje Vassvøri sogelag, er usikkert om vegen har vore nytta av kongen. Den er registrert som ein gamal postveg. Slike historiske ferdselsårer har nasjonal kulturminneverdi. Multiconsult peikar på at postvegen truleg vart omlagt i samband med etablering og seinere utbetring av transformatorstasjonen. Dagens sti- og traktorveg fylgjer no gjerdet på austsida. Denne vert nytta som turveg, og planen er at den skal oppretthaldast som tilgjengelig ferdselsåre etter anleggsperioden. Tilknyttinga mellom ny veg rundt stasjonsgjerdet og eksisterande turveg vil verta utforma slik at ein ivaretek god tilgjengeligheit til terrenget og stien nord for anlegget.

Rådmannen si vurdering:

Generelle vurderingar:

Oppgradering av eksisterande transformatorstasjon verkar, ut frå dei gjevne opplysingane, å vera naudsynt for at denne skal tilfredsstilla krav i beredskapsforskrifta. Slik Voss herad forstår det må tiltaka på Evanger transformatorstasjon gjerast med omsyn til føreståande oppgradering av kraftnettet, noko som er viktig for forsyningssikkerheita i regionen. Voss herad har difor forståing for tiltaka som må gjerast, men i underkant av 14 dekar i LNF er av eit visst omfang og bør vurderast grundig før ny bruk.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar for Voss herad.

Miljø- og klimakonsekvensar:

Sjølv om det ikkje er registrert «naturtyper som er rødlistede eller spesielt forvaltningsverdige, og det ble heller ikke registrert karplanter, moser eller lav som er oppført på Norsk rødliste for arter», så er nedbygging av 13,6 dekar eit betydeleg inngrep. I klimaplanen til heradet, Vossaklima 2030, vart det vedteke at Voss herad skal oppnå arealnøytralitet, noko som reflekterer eit høgt ambisjonsnivå for ivaretaking av all natur - også den som ikkje er spesielt «forvaltningsverdig». Tidlegare i år vedtok heradsstyret «Temaplan for naturmangfald i Voss herad» som eit viktig verktøy for å ta vare på naturmangfaldet i heradet.

Multiconsult finn at undersøkingsområdet med omland husar eit relativt rikt fugleliv. For Voss herad er det viktig at Statnett ser til at det vert gjennomført ei supplerande undersøking i april slik Multiconsult tilrår. Det er også viktig at dei føreslegne avbøtande tiltaka vert gjennomførte; under dette at ein unngår vegetasjonsrydding og høglydt anleggsarbeid (sprenging, pigging, m.m.) i hekketida. Lengde på hekketida, og eventuelt andre avbøtande tiltak, bør avklarast nærare i den supplerande undersøkinga i april.

Folkehelsekonsekvensar:

Sti- og traktorvegen som no fylgjer gjerdet på austsida vert nytta som turveg, og det er viktig at denne vert oppretthalde som tilgjengelig ferdselsåre etter anleggsperioden. Tiltaket må ikkje forringa innbyggjarane si moglegheit for å ta i bruk nærnaturen på Evanger.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av opplysingane i saka, meiner Voss herad at det er viktig at det vert utført naudsynte oppgraderingar av Evanger transformatorstasjon med omsyn til beredskap og forsyningssikkerheit. Samtidig ber heradet om at Statnett gjer desse oppgraderingane med så lågt klimafotavtrykk og så lite inngrep i LNF-område som mogleg.

Vedlegg

Høring – utkast til konsesjonssøknad for Evanger transformatorstasjon

Høring – utkast til konsesjonssøknad for Evanger transformatorstasjon
Arealbruksplan, 45513-MUL-EVA-Z-DW-005
Situasjonsplan, 45513-MUL-EVA-Z-DW-004
Visualisering, 45513-MUL-EVA-Z-DW-006
Konsesjonssøknad, 45513-MUL-EVA-Z-RE-005-
Feltnotat fugl og annet dyreliv, 45513-MUL-EVA-RIM-RE-002
Flomvurdering, 45513-MUL-EVA-GR-RE-001
Naturtypekartlegging, 45513-MUL-EVA-RIM-RE-003
Skredfarevurdering, 45513-MUL-EVA-GR-RE-002_2